

Årsmelding for 2022

Medlemstal

Ved nyttår hadde sogelaget eit totalt medlemstal på 296. I 2022 hadde sogelaget 9 medlemmar i tilgang og 16 medlemmar i avgang.

Styret

Ved årsmøtet 29. mars 2022 vart styret som følgjer:

Leiar:	Morten Øveraas (ny for to år)
Styremedlemmar:	Tordis Sivertsen (ikkje på val)
	Tore Tomren (ikkje på val)
	Liv Signy Gjeitnes Hellen (ny for 2 år)
	Jørn Inge Frostad (ny for 2 år)

Frå årsmøtet 2022 til årsmøte 2023 hadde hovudstyret fem styremøte. Ved eit par tilfelle har andre relevante personar vorte inviterte. Styret har elles hatt kontakt via telefon og e-mail etter behov. Heimesida og Facebook-sida har vorte oppdaterte med jamne mellomrom. Fotograppa har i hovudsak arbeida med bakgrunnsinfo til digitaliserte bilete. Sjå eiga melding for aktiviteten til Skriftstyret.

Aktivitetar 2022/2023

29. mars: Årsmøte vart halde på Vestnes folkebibliotek. Til saman 30 personar møtte fram. Vanlege årsmøtesaker. Ingen innkomne saker eller særskilde innspel. Etter møtet var det musikalsk innslag ved «Den lille messingfabrikken» bestående av fem unge og lokale musikarar. Deretter heldt Per Bjørn Ellingseter foredraget «Skihistorie, og skihistorier – mest frå Vestnes».

12. juni: Sogelaget inviterte alle interesserte til å bli med på omvising ved galeasen «Søblomsten». Restaureringsarbeidet går føre seg i arbeidsteltet på Katholmen, Helland. Representantar for Båtbyggarmuseet viste og fortalte dei frammøtte om arbeidet og planane for båten.

4. september. Sogelaget hjelpte til med å arrangere familiedag på Tresfjord museum. Open dag med mange aktivitetar for store og små.

11. september. Sogelagstur til Vågstranda. Lokalmann Arvid Håkon Moe tok oss med på kulturhistorisk omvising gjennom Vågstranda og Hjelvika. Moe hadde mykje interessant å vise og fortelje. Vi avslutta turen med felles kaffi.

6. oktober. Kåseri med Bjørn Austigard på Vestnes folkebibliotek. Austigard delte historier og erfaringar frå si lange karriere som konservator og kulturhistorikar.

16. oktober. Sogelaget hjelpte til med å arrangere samlartreff for postkort- og frimerkesamlarar på Vestnes folkebibliotek.

17. november. Lansering av nytt årsskrift på Vestnes folkebibliotek. Presentasjonar av skriftstyret og artikkelforfattarar. I etterkant av boksleppet var det pakkedugnad same stad. Styret hadde inngådd avtale med Per Bjørn Ellingseter som gjorde alt i stand før dugnaden. Bøkene vart pakka og delt ut til medlemmar ved god hjelp av frivillige.

17. januar. Lesarinnlegg med samanfatning av aktivitet og oppfordring til å sende tekstar og bilete til nytt årsskrift. Publisert i *Bygdebladet* og *Vestnesavisa*.

11. februar. Styret held fram med å undersøke korleis arbeidet med dei ufullførte bygdebøkene kan takast opp att. Styret sendte offisiell oppfordring til Vestnes kommune om å få oversyn over «bygdeboksaka» i kommunen.

6. mars. Møte med fotogruppa angående innsamling, digitalisering og arkivering av diverse biletarkiv knytt til Vestnes sogelag og Vestnes.

Økonomi/budsjett

Resultatet for 2022 enda med underskot på kr. 37 800. Det er ein samansett grunn for auka underskot samanlikna med tidlegare år. Mellom anna har trykkekostnadene for årsskriftet auka med ca. 16%. Vi har selt færre årsskrift enn venta og vi har hatt utgifter med gjennomføring av fleire arrangement. Som tidlegare vil budsjettet gå med til utgifter i samband med arrangement og produksjon av årsskrift.

Vestnes, 12. mars 2023

Tordis Sivertsen, Liv Signy Gjeitnes Hellen, Jørn Inge Frostad, Tore Tomren og Morten Øveraas